

Kjempeflott start for Tårnagent-koret.

09.01.2017



Så flinke! Flott å høyra på!

Vår energiske og dyktige organist Eva Megyesi har bursdag i dag, og den vart mellom anna markert ved at ho var med å starta opp barnekor her i Uskedalen. Det spørst om ho ikkje fekk den aller beste bursdagsgåva frå borna i det nye koret. Dei smilte og song av full røyst, ingen kunne tru dei var samla for første gang. Ei skikkeleg feststund både for Eva og andre som var til stades.



HAPPY BIRTHDAY TO EVA for full hals!

Etter kort presentasjon og gratislotteri var koret i gang. Eva spelte piano og instruerte, og ho hadde god hjelp av søndagsskuleleiarane Jon Harald og Nelly, Trude og Lisa. Tekstar vart øvd inn, og det tok ikkje lang tid før borna song av full hals. Imponerte vart både foreldra som hørde på og underteikna. I løpet av dei 45 minuttane øvde dei inn 3 songar, ja, dei hadde også eit ekstranummer i kveld. Sjølvsagt song dei 'Happy birthday' til jubilaranten Eva.

Midt i songøkta heldt Jon Harald ein kort andakt. Han les først forteljinga om då Jesus gjorde son til embetsmannen frisk før han viste same forteljinga som ein filmsnutt på eit par minutt.

Tårnagent-koret er kome inn som erstatning for Tårnagentane og Gullivergjengen. Etter å ha sett kor dei syngjande borna kosa seg den første kvelden, spør eg at dette vert eit svært vellukka tilbod. Fleire opplysningar både om oppmøtedagar og tilbodet elles finn de under Tårnagentkoret under Lag og organisasjonar i venstre kolonne, eller de kan klikka [direkte inn her](#).



Lærer nye tekstar med god hjelp av Eva og Trude

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland